



Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2522 - 19/986

Saksbehandlar:
Nina Randal
nina.randal@meland.kommune.no

15.01.2019

Prioritering av søknadar om tilskot til inkludering av barn i lavinntektsfamiliar

Møte i knutepunktsgruppa måndag 14.januar klokka 08:30

Tilstades: Tove Wiig Aadland frå helsestasjonen, Åse Grønsnes og Elin Lunde (student) frå psykisk helse og rus, Anne Berit Helle frå Nav, Sigrid Fivelstad kulturkonsulent, Susanne Vakt skjold ungdomskordinator, Anette Hesjedal prosjektleiar Trygt og godt oppvekst- og skulemiljø, Grete Borleig frå barneverntenesta og Nina Randal frå frivilligsentralen.

Agenda for møtet var å gå gjennom søknadane som er komme inn til Bufdir om tilskot til inkludering av barn i lavinntektsfamiliar i Meland. Og sette opp ei prioritert liste med begrunning.

Meland kommune er berettiga til å søkje Barne, ungdoms og familiedirektoratet om tilskot til inkludering av barn i lavinntektsfamiliar fordi vi har ein knutepunktstfunksjon i kommuneadministrasjonen. Denne funksjonen er lagt til tenesteområde kultur ved Frivilligsentralen. Frivilligsentralen har etablert ei knutepunktsguppe med representantar frå ulike tenester som: Barnevern, helsestasjon, psykiske helse og rus, NAV, flyktningetenesta, PPT, kultur, skulerådgevar og trygt og godt oppvekst- og skulemiljø. Knutepunktsgruppa sin funksjon er å prioritere søknadane som kjem inn før dei blir politisk behandla eller vurdert av øverste politiske og administrative nivå i kommunen. Med øverste politiske nivå meinast ordførar, og med øverste administrative nivå meinast rådmann. Knutepunktsgruppa sikrar at informasjon om tiltaka blir vidareformidle til familiar som er i målgruppa.

Ungdomsrådet har i møte 10.januar hatt saka til orientering og komme med uttale. Sjå vedlegg.

Utval for levekår får saka til orientering i møte 5.februar.

For 2019 er det komme inn tre søknader frå Meland.

Tiltak	
Vurdering og grunngjeving frå knutepunktsgruppa:	
1	Sommaraktivitetar for barn og ungdom i Meland
	Tilbodet er kjent og mange barn har forventningar om det Gode tilbakemeldingar frå foreldre, barn og frivillige organisasjonar Stor deltakelse Deltakarane sit igjen med gode opplevsar og meningsfylt aktivitet i ferien.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

	<p>Dei blir introdusert for ulike fritidstilbod og aktivitetar i frivillige organisasjonar som igjen fører til aukt rekruttering.</p> <p>Tiltaket gjev positive opplevingar og felles opplevingar i nærmiljøet.</p> <p>Variert tilbod.</p> <p>Samarbeider med nabokommunane om tilbodet til ungdommane. Noko som gjev eit tilbod for heile sommaren.</p> <p>Tiltaket er brubyggjing mellom frivillig sektor, kommunen og innbyggjarane</p> <p>Fleire frivillige organisasjonar deltek med aktivitetar, noko som senker terskelen for enkelte til å delta.</p> <p>Skaper arenaer for mestring.</p>
2	Bua Frekhaug
	<p>Folkehelse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Senker terskelen for deltaking i fysiske aktivitetar. - Skaper varig aktivitet der barn kan delta i ulike frivillige aktivitetar fordi det ikkje er avhengig av foreldra sin økonomiske situasjon for å skaffe utstyr. - Lavare terskel for å prøve nye aktivitetar - God fysisk og psykisk gevinst i å få inaktive barn inn i aktivitetar - Gir barna tilhørighet og skaper inkludering når dei deltar på arenaer saman med vener. <p>Ikkje synleg for andre at ein har lånt utstyr og dermed ikkje synleg at ein er i målgruppa. Ordninga er lett tilgjengeleg. Fort gjort å få tak i utstyr.</p> <p>Sikrar deltaking, til dømes til skidagar på skulen, leirskule, helgeturar med UngMeland.</p> <p>Miljøtiltak å låne utstyr istaden for å kjøpe nytt heile tida.</p> <p>I feriar kan ein låne utstyr til aktivitetar.</p> <p>Få inn frivillige ressursar som f.eks pensjonistar som sit på mykje kompetanse.</p>
3	Kultur på kort
	<p>Kultur på kort:</p> <p>Innarbeidd tilbod som det knytter seg forventningar til.</p> <p>Tilbodet er anonymt. Ingen veit kven som har fått billetter.</p> <p>Enkel saksgang og lett å administrere.</p> <p>Tilbodet er lett tilgjengeleg for familiar i målgruppa</p> <p>Treffer målgruppa. Vanlege aktivitetar som «alle» opplever.</p> <p>Aktivitetar som er populære.</p> <p>Gir felles opplevelse for familien.</p> <p>Gode tilbakemeldingar frå brukarane.</p>

Knutepunktsgruppa synes alle dei tre søknadene er gode tiltak for å inkludere målgruppa.

Helsing

Nina Randal

Dagleg leiar Meland frivilligsentral

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Bufdir